



NOREGS HØGSTERETT

Den 8. mars 2019 sa Høgsterett samansett av dommarane Endresen, Matheson, Noer, Bergh og Høgetveit Berg dom i

HR-2019-486-A, (sak nr. 18-168707STR-HRET), straffesak, anke over dom:

A (advokat Bendik Falch-Koslung)

mot

Påtalemakta (statsadvokat Thorbjørn Klundseter)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Høgetveit Berg**: Saka gjeld straffutmåling for køyring utan førarkort i eitt tilfelle der køyringa skjedde etter ei hovudforhandling i tingretten, men før dom, i ei sak om tilsvarende lovbrot.
- (2) A – fødd 00.00.1969 – møtte torsdag 22. februar 2018 til hovudforhandling i Sør-Østerdal tingrett, tiltalt for mellom anna promillekøyring og køyring utan førarkort. Den 28. februar 2018 vart A dømd i samsvar med tiltalen til vilkårslaut fengsel i eitt år. Denne dommen er rettskraftig.
- (3) Politimeisteren i Innlandet tok 12. mars 2018 ut tiltale mot A for ytterlegare eitt tilfelle av køyring utan førarkort, jf. vegtrafikklova § 31 fyrste ledd, jf. § 24 fyrste ledd fyrste punktum. Grunnlaget var at A fredag 23. februar 2018 på nytt hadde køyrt personbil, trass i at han ikkje hadde gyldig førarkort for slik motorvogn. Sør-Østerdal tingrett sa 24. april 2018 dom i saka med slik domsslutning:

- "1. A, født 00.00.1969, dømmes for en overtredelse av vegtrafikkloven § 31 første ledd, jf. § 24 første ledd første punktum til fengsel i 45 – førtifem – dager som tillegg til den straff han er idømt i Sør-Østerdal tingretts dom av 28. februar 2018 jfr. straffeloven § 82 første og annet ledd.
2. Han dømmes videre til å tåle inndragning av en personbil Saab 95 med kjennemerke -- 00000, jfr. straffeloven § 69 jfr. § 75 første ledd."

- (4) A anka straffutmålinga til Eidsivating lagmannsrett. Lagmannsretten forkasta anken i dom 12. oktober 2018.
- (5) A anka straffutmålinga vidare til Høgsterett. Ankeutvalet fremja anken 21. desember 2018.
- (6) Eg nemner for ordens skuld at A ved Gjøvik tingretts dom 12. februar 2019 er dømd mellom anna for ytterlegare brot på vegtrafikklova. Den ikkje rettskraftige dommen er ikkje del av saka her.
- (7) *Mitt syn på saka:*
- (8) Det fyrste spørsmålet som saka reiser er kva som er rett straff for eitt tilfelle av køyring utan førarkort når den domfelte tidlegare er dømd for svært mange tilsvarende lovbrot. Det følgjer av straffelova § 77 bokstav k at gjentakning av straffbare handlingar er eit skjerpande moment ved utmålinga.
- (9) Lagmannsretten la til grunn at A tidlegare var domfelt for å ha køyrt utan førarkort mellom 37 og 42 gonger. For Høgsterett er saka betre opplyst. Eg legg til grunn at A tidlegare er straffa for å ha køyrt utan førarkort i alt 96 gonger over ein 30-årsperiode. Nøyaktig kor mange gonger han er domfelt for køyring utan førarkort har likevel avgrensa interesse, og ein stor del av forholda ligg langt attende i tid.
- (10) Strafferamma for eitt brot på vegtrafikklova § 24 fyrste ledd fyrste punktum – køyring utan førarkort – er vilkårslaust fengsel i eitt år, jf. vegtrafikklova § 31 fyrste ledd. Eg nemner at denne strafferamma til dømes også gjeld for eitt brot på vegtrafikklova § 22 – promillekøyring – som er betydeleg meir straffverdig.
- (11) I Riksadvokatens rundskriv 3/2009 avsnitt III punkt 4 framgår det at standard påtalepraksis bør vera at fyrste til tredje gongs køyring utan førarkort fører til bot, medan fjerde gongs køyring fører til bot og fengsel på vilkår. Frå femte lovbrotet er utgangspunktet vilkårslaust fengsel.
- (12) Når det gjeld straffas funksjon ved gjentekne brot på vegtrafikklova, har Høgsterett i Rt-2012-1580 avsnitt 35 uttalt følgjande om promillekøyring:
- "For så vidt gjelder den allmennpreventive virkning, er det nærliggende å peke på at et konsekvent og strengt straffenivå på et område som dette formentlig har en generell vanedannende og holdningsskapende virkning i befolkningen, slik det også fremheves i forarbeidene til den nye straffeloven, se Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) side 79–80. Det kan etter mitt syn ikke være noen tvil om at kjøring med slik høy promille som i vår sak utgjør en betydelig og uakseptabel risiko. Det er god grunn til å understreke dette gjennom markerte straffskjerpelser overfor dem som gjentatte ganger utsetter andre trafikanters liv og helse for fare."**
- (13) Eg meiner at tilsvarende allmennpreventive omsyn i prinsippet må gjelde i vår sak – sjølvsaugt slik at det må takast omsyn til risikoskilnaden mellom promillekøyring og køyring utan førarkort. Det er under alle omstende naudsynt at den som skal ferdast i trafikken med motorvogn har fått opplæring og har dei tilstrekkelege kvalifikasjonane.
- (14) I Rt-1990-652 vart ein mann dømd til seks månaders fengsel på vilkår etter mellom anna å ha køyrd utan førarkort 14 gonger. Han var tidlegare dømd for å ha køyrt utan førarkort

fire gonger. Dommen omfatta ei reststraff på 130 dagar frå ein tidlegare dom. Det går ikkje fram av dommen kor stor del av den samla straffa som skulle tilskrивast køyringa utan førarkort, men ut frå dei samla lovbrota i saka må køyringa utan førarkort ha vore det mest vesentlege av dei forholda som ikkje var omfatta av reststraffa.

- (15) I Rt-2003-907 vart ein mann dømd til samfunnsstraff i 45 timar for fire tilfelle av køyring utan førarkort. Høgsterett meinte det låg føre særigne omstende som tilsa samfunnsstraff, men hadde ikkje innvendingar mot lagmannsrettens utgangspunkt på 30 dagar vilkårslaut fengsel, sjå avsnitt 6:

"Innledningsvis nevner jeg at det ikke er tvilsomt at domfeltes forseelser, vurdert på bakgrunn av hans tidligere straffer for tilsvarende overtredelser og omstendighetene ved de aktuelle overtredelser, kvalifiserer for en ubetinget fengselsstraff. A er domfelt 13 ganger tidligere, og 10 av dommene gjelder blant annet kjøring i påvirket tilstand. Og fra 1998 er han etter det som er opplyst, straffet for 19 tilfeller av kjøring uten førerkort før de fire tilfeller denne sak gjelder. Disse sistnevnte overtredelsene er dessuten begått mot slutten av gjennomføringstiden etter en dom på 225 timers samfunnstjeneste som A fikk i Bergen byrett 19. februar 2001. Jeg har under disse omstendigheter og i utgangspunktet intet å bemerke til at straffen er utmålt til 30 dager fengsel."

- (16) Høgsterett trong ikkje ta stilling til kva straffa ville ha blitt dersom retten ikkje hadde funne grunnlag for samfunnsstraff. Dommen var såleis ikkje normerande i same grad som om straffa faktisk var blitt sett til vilkårslaut fengsel i 30 dagar.
- (17) Eg nemner også at straff for gjengangarkriminalitet har blitt noko skjerpt i seinare år. Etter lovendring i 2003 slo straffelova 1902 § 61 fyrste ledd fyrste punktum fast at strafferamma ved gjentakning vart auka til det dobbelte dersom ikkje noko anna var sagt i straffebodet. Dette følgjer i dag av straffelova § 79 bokstav b. Eg legg likevel avgrensa vekt på dette, då føremålet med den nemnte lovendinga fyrst og fremst var å skjerpe straffa for gjentekne vinnings-, volds- og seksuallovbrot, jf. Ot.prp. nr. 62 (2002–2003) side 75.
- (18) Det som er sentralt i saka her, er at A i ein mannsalder har mangla grunnleggande respekt for vegtrafikklovgevinga. Eg meiner etter dette at straffa for eitt tilfelle av køyring utan førarkort – når dette er lovbrota nummer 97 og A valde å køyre utan førarkort dagen etter at han hadde stått i tingretten og erkjent straffeskuld for tidlegare tilsvarande lovbrota – i utgangspunktet bør vera vilkårslaut fengsel i opp mot 45 dagar.
- (19) Kor stort frådrag som skal gjerast fordi A har erkjent straffeskuld ser eg, ut frå det eg straks kjem attende til, ikkje grunn til å gå nærare inn på.
- (20) Det andre spørsmålet i saka er kva for tyding det skal ha for straffutmålinga at køyringa skjedde mellom hovudforhandling og dom i ei tidlegare sak.
- (21) Straffelova § 82 fyrste og andre ledd har slik ordlyd:

"Ved domfellelse for forhold begått før dommen i en annen sak avsies det tilleggsdom for disse forholdene når alle forholdene kunne vært pådømt samtidig. § 31 annet ledd og tredje ledd annet og tredje punktum gjelder ikke."

Ved straffutmålingen gjelder § 79 tilsvarende. Det skal tas hensyn til hva en passende straff ville vært ved samtidig pådømmelse, og den samlede straffen må ikke være strengere enn om alle forholdene hadde vært pådømt samtidig."

- (22) Straffelova § 82 er ei vidareføring av straffelova 1902 § 64. Det går fram av førearbeida at det ikkje var meint noko realitetsendring ut over at hovudregelen skulle vera tilleggsdom og ikkje fellesdom, jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) side 472–473.
- (23) Det følgjer klart av ordlyden og førearbeida at domstidspunktet er det avgjerande skjeringstidspunktet, jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) side 473. Problemstillinga me står overfor i saka her må, ut frå eldre rettspraksis, ha vore kjent for lovgjevaren. Det forholdet at lovgrunnen ikkje treff heilt der nye lovbrota blir gjort mellom hovudforhandling og dom – og at det er den domfeltes framferd og ikkje påtalemaktas val som er årsaka til den etappevise pådøminga – er likevel ikkje drøfta i førearbeida.
- (24) Det kan sjå ut til at lagmannsretten les formuleringa "kunne vært pådømt samtidig" som ei tilvising til kva som er praktisk mogleg. Det er ikkje spor av ei slik avgrensing i førearbeida. Eg kan ikkje sjå at uttrykket "kunne vært pådømt samtidig" har eit sjølvstendig innhald; formuleringa må lesast som ei tilvising til det skjeringstidspunktet som er vald i lova. Ein må ved utmålinga i saka her difor tenkje seg kva straffa ville ha blitt etter ei reassumering. Ei breiare vurdering av om straffelova § 82 skal nyttast eller ikkje, er det etter mitt syn ikkje rom for.
- (25) Påtalemakta har særleg vist til Rt-2010-1165. Saka gjaldt eit tilfelle der det straffbare forholdet – trugsmål mot ein medtalt – vart gjort under hovudforhandlninga. Det var difor eit særleg behov for å markere at det nye lovbrota medførte ein monaleg tilleggsreaksjon. I den grad dommen gjorde unntak frå straffelova 1902 § 64, må den seiast å gjelde eit snevert unntakstilfelle, tufta på samanhengen mellom den fyrste saka og kva det skulle gjevast tilleggsdom for. Lovbrota hadde direkte samheng, men heilt ulik karakter. Etter mitt syn er ein ved gjentekne og talrike lovbrota – som i vår sak – derimot i kjerneområdet for bruken av straffelova § 82 andre ledd.
- (26) Straffelova § 82 andre ledd fyrste punktum slår fast at prinsippet i straffelova § 79 også gjeld ved etterskotsdommar. Straffelova § 82 andre ledd andre punktum slår for det fyrste fast at det ved straffutmålinga skal takast omsyn til kva ei passende straff "ville vært ved samtidig pådømmelse". Dette inneber at ein mogleg tilleggsdom vil utgjera "differansen mellom den straffen som ville vært idømt, og den straffen som ble idømt i den tidlige saken", jf. Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) side 473. For det andre slår føresegna fast at den samla straffa ikkje må vera strengare enn "om alle forholdene hadde vært pådømt samtidig".
- (27) A vart i Sør-Østerdal tingretts rettskraftige dom 28. februar 2018 dømd for mellom anna promillekøyning og *to* tilfelle av køyning utan førarkort. Samla straff vart sett til vilkårslaust fengsel i eitt år. Ved utmålinga la tingretten til grunn at rett straff for dei *to* tilfella av køyning utan førarkort "isolert sett vil være fengsel i om lag 80 dager". Det berande elementet i den samla straffutmålinga var at A hadde promillekøyrt for nittande gongen.
- (28) I vår sak vart A dømd for *eitt* tilfelle av køyning utan førarkort. Spørsmålet er kva som ville ha vore passende straff i dommen frå 28. februar 2018 dersom A der var blitt dømd for alle *tre* tilfella av køyning utan førarkort. Det må då takast omsyn til at den tredje køyninga skjedde dagen etter ei hovudforhandling der A stod tiltalt for *to* andre tilsvarande lovbrota. Omstendet ville i seg sjølv ha vore straffskjerpande og noko ein måtte leggje vekt på ved

straffutmålinga. Dette må ein såleis også ta omsyn til i den differansevurderinga som skal gjerast etter straffelova § 82 andre ledd.

- (29) Også ved utmålinga etter straffelova § 82 andre ledd vil det berande elementet vera at A hadde promillekøyrt for nittande gongen. Det var eit skjerpande omstende at A også vart dømd for to tilfelle av køyring utan førarkort. Å ta omsyn til *tre* tilfelle av køyring utan førarkort – sjølv med det skjerpande omstendet som eg har nemnt over – vil etter mitt syn ikkje gjera den samla straffa strengare enn fengsel i eitt år.
- (30) Ettersom det såleis ikkje er aktuelt med noka tilleggsstraff, er det naturleg å gje fellesdom med Sør-Østerdal tingretts dom av 28. februar 2018, jf. straffelova § 82 fjerde ledd.
- (31) Soninga av den nemnte dommen tok til 16. juli 2018. Det skal då gjerast frådrag i straffa med 236 dagar, jf. straffelova § 82 femte ledd.
- (32) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

For dei forholda A er dømd for ved Sør-Østerdal tingretts dom 28. februar 2018 og Eidsivating lagmannsretts dom 12. oktober 2018 blir den felles fengselsstraffa sett til 1 – eitt – år. Til frådrag i straffa kjem 236 dagar som alt er sona.

- (33) Dommer **Bergh:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (34) Dommer **Matheson:** Likeså.
- (35) Dommer **Noer:** Likeså.
- (36) Dommer **Endresen:** Likeså.
- (37) Etter røystinga sa Høyesterett slik

D O M :

For dei forholda A er dømd for ved Sør-Østerdal tingretts dom 28. februar 2018 og Eidsivating lagmannsretts dom 12. oktober 2018 blir den felles fengselsstraffa sett til 1 – eitt – år. Til frådrag i straffa kjem 236 dagar som alt er sona.